
VOLDA KOMMUNESTYRE · HONNDALSHALLEN 29. OKTOBER 2026

Hornindal 514 Utvikling AS

Hornindal skal vere ein attraktiv stad å bu, arbeide og besøkje.



BAKGRUNN

Kommunen utfordra oss til å tenkje stort.

Utfordringa

Ordføraren og kommunedirektøren utfordra Hornindal Grendeutval til å «tenkje stort».

Svaret

Eit eige utviklingsselskap. Hornindal 514 Utvikling AS vart skipa våren 2026.

Rollane

Selskapet jobbar med næringsutvikling og bulyst. Grendeutvalet har den politiske rolla overfor kommunen.

Styret: Anders Lødemel (leiar), Knut Ove Rygg (nestleiar), Edvin Haugen, Kine Haugen og Thimmy Klaassen

KVIFOR

Mykje å byggje på, men ingen som samlar det.

Dette har vi

- Eit variert og sterkt næringsliv, frå industri til landbruk og reiseliv
- Hornindalsvatnet, Europas djupaste innsjø med sine 514 meter
- Store arrangement som Hornindal Rundt, Dansegalla og Kornølfestivalen
- Dugnadsånd: nesten alle lag og arrangement byggjer på frivillig innsats

Dette manglar

- Mange ressursar og initiativ er knytte til enkeltpersonar og enkeltbedrifter
- For få møteplassar der bedriftene kan dele erfaring og finne nye samarbeid
- Ingen lokal inngang for etablerarar og folk med gode idear
- Informasjonen om tilbod og verksemder er spreidd

DETTE HAR VI GJORT

Frå idé til selskap på under eitt år.

NOV. 2025	Skipingsmøte på Smia med stort frammøte. 100 000 kr frå Sparebanken Møre.
VINTEREN 2026	Bedriftsbesøk og dei første intensjonsavtalane. 50 000 kr frå Grendeutvalet.
JUNI 2026	Selskapet registrert. Møte med kommunedirektøren om Smia og Kraftfondet.
HAUSTEN 2026	Forretningsplanen ferdig. Studentar frå Høgskulen i Volda i feltarbeid på Grodås.
OKTOBER 2026	Nettsida lansert, og seks bedrifter har signert intensjonsavtale. Møte med Volda Næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage.



Møtet på Ekornes 27. oktober 2026

NÆRINGSLIVET ER MED

Bedriftene i bygda stiller opp.

6
bedrifter har signert

182 000 kr
i året i tre år

ca. 30
bedrifter til inviterte

HAR SIGNERT INTENSJONSAVTALE OM STØTTE I TRE ÅR

- Ekornes Grodås
- Vest Biogass
- Øen Kuldeteknikk
- GRS
- T. Eriksen Eiendomsservice
- LøFlo Installasjon

Lag og organisasjonar
blir inviterte til å bidra

Privatpersonar
blir inviterte til å bidra

KVA VI SKAL GJERE

Fire område vi prioriterer.

Møteplassar for næringslivet

Fire samlingar i året: frukostmøte, kurs og faglege samlingar.

Rådgjeving og kopling

Ein lokal sparringspartnar som koplar folk og idear til rett kompetanse i Hornindal og Volda.

Nye arrangement

Minst eitt større arrangement i året, laga saman med lokale krefter.

Synleggjering av Hornindal

Verksemder, tilbod, natur og kultur samla på éin stad.

MÅLA

Dette skal vi levere dei tre første åra.

4

samlingar for næringslivet i året

1+

større arrangement i året

100 %

dagleg leiar i full stilling, med base på Smia

På lang sikt: fleire som vil bu og arbeide i Hornindal, nye verksemder og arbeidsplassar, og fleire besøkande.

2025–2026	2027–2030	Frå 2030
Forprosjekt	Hovudprosjekt med dagleg leiar	Varig drift på eigne bein


LÆRT AV FØR

Vi har lært av tidlegare forsøk.

- **Tre år, ikkje halvanna.** Utvikling tek tid, difor går prosjektet over tre år med dagleg leiar.
- **Forankra nedanfrå.** Skipingsmøte, opne møte og bedriftsbesøk før vi starta.
- **Næringslivet er med frå start.** Bedriftene har signert før vi tilset nokon.
- **Pengane først.** Dagleg leiar blir tilsett når finansieringa er på plass.
- **Vi gjer ikkje alt sjølv.** Vi koplar folk, byggjer på det som finst og legg til rette.

ØKONOMI

For kvar krone frå Kraftfondet kjem nesten tre frå andre.



VI BER OM

400 000

kr i året i tre år frå Kraftfondet, ikkje frå driftsbudsjettet.

Sum 4,6 mill. kr over tre år, om lag 1,5 mill. kr i året. I tillegg stiller kommunen lokale i Smia til disposisjon.

Kjelde: Forretningsplan for Hornindal 514 Utvikling AS, kap. 7

DETTE BER VI OM

Tre ting vi ber kommunestyret om.

1 **Bli med på finansieringa gjennom Kraftfondet.**

400 000 kr i året i tre år. Neste lysbilete viser fire måtar å gjere det på.

2 **Gi oss ein avtale om Smia.**

Base for dagleg leiar og møteplass for næringslivet gjennom heile prosjektperioden.

3 **Bli med som samarbeidspartnar.**

Ein samarbeidsavtale for prosjektperioden, med ein fast kontaktperson i kommunen.

ALTERNATIV FOR FINANSIERING

Fire måtar Kraftfondet kan vere med på.

A · Fast avtale, som HoppID

400 000 kr i året som fast post, slik Volda Næringsforum og HoppID har i dag.

B · Treårig prosjekt

400 000 kr i året i 2027-2029, vedteke som eiga politisk sak.

C · Pilotår, så fast avtale

Vanleg søknad på inntil 500 000 kr til eit pilotår i 2027. Deretter fast avtale, som i A.

D · Kommunen som medeigar

Aksjekapital frå Kraftfondet og plass i styret. Kan kombinerast.

FORSLAG TIL SAMARBEID

Saman kan vi løfte heile bygda.

Hornindal 514 Utvikling + **Volda kommune** + **Hornindal Grendeutval**

HOVUDOPPGÅVA VÅR

Næringslivet og etablerarar

Møteplassar, rådgjeving og ei dør inn til kommunen, HoppID og fagmiljøa i Volda.

Arrangement saman med lag og organisasjonar.

RINGVERKNADER VI FÅR TIL SAMAN

- **Bulyst.** Meir aktivitet og betre synleggjering gjer at fleire vil bu her.
- **Tomter og bustader.** Bedriftene treng folk. Saman kan vi marknadsføre Løvland og Grodåsbakkane.
- **Ei full Smia.** Fleire leigetakarar og meir aktivitet gir leigeinntekter til kommunen.
- **Frivillig arbeid.** Heimesida viser kva ein kan engasjere seg i, så fleire blir med.

VELKOMEN TIL OPE MØTE

Korleis kan DU bidra?

NÅR

Torsdag 12. november kl. 19-21

KVAR

Smia

Informasjon om korleis du kan bidra til Hornindal 514 Utvikling AS, anten du er bedrift, lag, organisasjon eller privatperson.



TAKK FOR MERKSEMDA

Det gode liv i Hornindal byggjer vi saman.

Anders Lødemel, styreleiar

anderslo.github.io/hornindal514-utvikling